
Saksnr: 2020/45667-23
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Henvending gjeldande faktureringsrutinar for ferge mellom Lavik - Oppedal**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet tar informasjonen frå Skyttel AS og Ferde AS når det gjeld henvendinga frå Larsen til orientering og seier seg ferdig med saka. Ytterlegare henvendingar i saka må tas direkte med aktuelt selskap.
2. Kontrollutvalet skal normalt ikkje handsame enkeltsaker, men sjå på rutinar, system og prosessar.
3. Vidare gjer kontrollutvalet merksam på at dei ikkje er eit klageorgan etter forvaltningslova § 28.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling henvending frå Karl Ivar Larsen med tilhøyrande svar frå Skyttel AS og Ferde AS.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Kontrollutvalget Vestland fylkeskommune
- 2 Vedlegg 1_5
- 3 Kontrollutvalget i Vestland - Svar frå Ferde AS

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Brev m/vedlegg (Vedlegg 1 - 2) frå Karl Ivar Larsen vart lufta i møte i kontrollutvalet 17.09.2020 og det vart gjort slikt vedtak:

1. *a) Kontrollutvalet ber om at brevet frå Karl Ivar Larsen dagsett 16.09.2020 vert send til Ferde AS og Skyttel AS der ein ber om deira syn på dei 3 spørsmåla som vert stilt på side 3 i brevet.*
b) Brevet, saman med svaret frå Ferde AS og Skyttel AS, vert å legge fram for kontrollutvalet som sak i møte 12.10.2020.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet mottok til forrige møte brev m/vedlegg frå Karl Ivar Larsen dagsett 16.09.2020 som gjeld m.a. faktureringsrutinar for ferge mellom Lavik og Oppedal.

I brevet vert det vist til selskapskontroll som Deloitte har gjennomført i Ferde AS på vegne av kontrollutvalet. Det vert gjort merksam på at dei problemstillingane Larsen tek opp ikkje var ein del av bestillinga frå kontrollutvalet til Deloitte AS, verken når det gjeld selskapskontroll av Ferde AS eller Skyttel AS. Desse selskapskontrollane vart gjennomført hausten 2019 til våren 2020. Problemstillingane er heller ikkje ein del av bestillinga av selskapskontroll av Ferde AS – del 2 som Rogaland revisjon IKS held på med å slutføre i desse dagar.

Av brevet går det vidare m.a. fram at det er sett fram 3 spørsmål som m.a. går på at det vert gjort full gjennomgang av fergepasseringar for inneverande år.

Henvendinga frå Larsen er send til Ferde AS og Skyttel AS der dei vert bedne om å kome med sitt syn på dei 3 spørsmåla på side 3 i brevet.

Vi har motteke slikt svar frå Skyttel AS dagsett 21.09.2020 på dei 3 spørsmåla:

1) Styret i Ferde AS iverksetter en full gjennomgang mine fergepasseringer for inneværende år - også utover den begrensningen på 90 dager som er kommunisert av Ferde AS.

Svar: Skyttel AS har gått igjennom alle ferjepasseringene og det er ikke noen dobbeltbelastninger.

2) Informerer andre reisende i region Sørvest om mulighetene for dobbeltfakturering og sikre at eventuelle tilgodehavende refunderes.

Svar: Det er ikke noe som er dobbeltfakturert på denne kunden, så vi kan ikke se grunnlag for at dette hevdes. Uansett så oppfordrer vi kunder til å følge med på belastningene sine.

3) Etablerer pålitelige systemer /baksystemer som ivaretar sporbarheten mellom alle avtalene som er relatert til den aktuelle brikke-ID og som klargjør om registreringsnummer, brikke ID eller andre sikre identifikasjoner skal være førende for sikre riktig kostnadsbelastning for kundene.

Svar: For Sentral Tjenesteleverandør (STL) sitt vedkommende så er det kundens ansvar å påse at registrerte opplysninger til enhver tid er korrekt. Dette regulert i avtalevilkår når kunde inngår avtale med AutoPASS-ferje. I tilfellet som saken omhandler - har ikke kunde meldt fra om bytte av brikke til STL.

Avtalevilkår:

pkt 3.1 - «Kunden er ansvarlig for at opplysninger som er gitt i avtalen er korrekt» .

pkt 3.8 - «Kunden skal melde enhver endring i kjøretøydata».

Vidare har vi motteke brev dagsett 22.09.2020 frå Ferde AS, vedlegg 3.

Av svaret frå Ferde AS går det m.a. fram at dei har motteke kredittfil for passeringar frå Skyttel AS og at dette vil komme fram på neste faktura til Larsen.

På generelt grunnlag bør det opplysast om at kontrollutvalet normalt ikkje skal handsame enkeltsaker, men sjå på rutinar, system og prosessar. Denne enkeltsaka er ikkje nok til at utvalet bør prioritere å bruke meir ressursar på den. Vidare bør det gjerast merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan etter forvaltningslova § 28.

På bakgrunn av dette, og ut frå svara til Ferde AS og Skyttel AS, bør kontrollutvalet seie seg ferdig med saka og at ytterlegare henvendingar i tilfelle må rettast direkte til det aktuelle selskapet.

Konklusjon

Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar informasjonen frå Skyttel AS og Ferde AS når det gjeld henvendinga frå Larsen til orientering og seier seg ferdig med saka. Ytterlegare henvendingar i saka må rettast direkte til det aktuelle selskapet.

Det vert også tilrådd å gjera merksam på at kontrollutvalet normalt ikkje handsamer enkeltsaker, men ser på rutinar, system og prosessar. Vidare vert det tilrådd å gjera merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit klageorgan etter forvaltningslova § 28.